

Innspel til NVE i samband med ei eventuell utbygging av Gjengedal kraftverk og 132 kV kraftleidning Gjengedal – Storebru.Frist 07.juni 2014.

Dei to viktigaste punkta våre er:

- 1: For laksebestanden i vassdraget må SFE vere ansvarleg for drift av klekkeriet i Ommedal, for å sikre årgangane av fisk i den lakseførande delen av elva. Dette må starte i forkant av anleggsperioden. Utbyggaren må forbetre naturlige gyteforhold i elva. Grunneigarane er imot utbyggingsalternativ 1 (terskel i Storevatnet)

Når det gjeld utbyggingsalternativ 2 kan ein ikkje godta regulering av Dalevatnet, då det vil dempe dei naturlege småflaumane, og dermed hindre oppgang av fisk i elva.

- 2: Eventuell bygging av ny kraftlinje må ikkje gje auka innmatingskostnadar for dei eksisterande småkraftverka i Hyen.

Dei to fyrste punkta er absolutte krav for å akseptere utbygging.

Tunnellmassene må forbeholdast grunneigarane i Austredalen til utbetring av dyrka mark, vegar og lysløypetrase.

Bygging av 2,5km skogsbilveg frå Aa-støylsbrua til veggen i Mjellemsmarka. Det må ikkje utløyse krav om ekstra skogshogst.

Utløpet i Dalevatnet må byggast som bru, og herifrå 1,5km veg mot Aa-støylen.

Slettelva må tersklast for å få jamnast mogeleg vass-spegel.

Gard nr 18, bruk nr.7, Odd Arild Aasen stiller seg ikkje bak dette skrivet.

29.mai 2014  
Austre Hyen Grunneigarlag